

Årsmøte Hovda Utmarkslag SA

Eidså den 24.02.2024

### **Orienteringssak tilknytt oppdatering av «heimeside» Osberget AS.**

Osberget AS som er HUL sin leverandør av «Heimesida» vår er no inne for ei grundig oppdatering av slike tenester.

Styret har innhenta tilbudspris for denne oppdateringa som diverre ikkje kjem gratis.

Tilbudsprisen lyder på kroner 17600,- som inkluderer fulldigitalisering av heimeside /styredokument og kursing av bruk.

Oppgraderinga inneheld:

- Overføring av innhaldet frå dagens nettside er gjort i løpet av ein dag.
- Tilbudet baserer seg predefinerte malar. Her må vi i fellesskap sjå kva som vil egne seg best
- Pålogging til lukka område for medlemmer løyser vi. Det er fleire måtar å gjere det på.
- Kursing i bruk av heimeside

Med slik digitalisert heimeside vert HUL eit lag som er i front om jakt/vilt info til medlemmer. Dette tener hensikta om fellesforvaltning av utmark slik myndigheitene ynskte, då desse gjekk inn for grunneigarar skulle stifte slike «utmarkslag» etter prinsippet «grunneigarar kan gjere dette best sjølve».

Tidlegare Årsmøte i HUL har gått inn for at der skal være i «heimeside» i HUL, og ei slik oppgradering frå tid til anna vert forelagt styret til avgjerd.

Grunna prisen til denne «oppdatering til digitalisering» vil Styret likevel be Årsmøte om godkjenning av desse oppgraderinga.

Styret har søkt kommunen om bistand til prosjektet, og dersom søknad vert imøtekomen har søknaden vår rådgitt kommunen om at andre utmarkslag i kommunen vert tilgodesett med same, etter likebehandlingsprinsippet til sånne føremål.

Kan Årsmøte 17.03.2024 gi sin tilslutnad til kostnaden til oppgraderinga?

*Harald Søvdsnes*  
.....

Harald Søvdsnes

Lagsformann HUL